

---

Saksnr: 2021/5823-6  
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		15.04.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		27.04.2021
Fylkesutvalet		11.05.2021
Fylkestinget		16.06.2021

## Uttale om søknad om landslinetilbud

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.
2. Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronedefag, vg3 dronedefag (lærefag)
3. Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet frå 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 aviokinarfaget ved Bardufoss vgs.

Samandrag

Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark fylkeskommunar har starta prosessar med å søke Utdanningsdirektoratet om oppretting eller utviding av landslinetilbud frå og med skuleåret 2022/23. For at Utdanningsdirektoratet skal vurdere søknad frå fylker som søker om oppretting av nye eller utviding av eksisterande landslinetilbud, må alle fylkeskommunane støtte ein søknad.

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram søknadane frå desse fylkeskommunane, og ei vurdering om Vestland fylkeskommune bør støtte desse søknadane.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Brev frå Nordland fylkeskommune
- 2 Brev frå Troms og Finnmark fylkeskommune
- 3 Brev frå Trøndelag fylkeskommune
- 4 Trøndelag fylkeskommune - Flyteknisk kompetanse - Utredning Sopra Steria

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark fylkeskommunar har starta prosessar med å søke Utdanningsdirektoratet om oppretting eller utviding av landslinetilbod frå og med skuleåret 2022/23.

Fylkeskommunar som søker om landslinetilbod må oppfylle formålet om at tilbodet skal bidra til å sikre elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare utdanningsprogram. Landslineordninga finansierast gjennom statlege tilskot og skil seg frå landsdekkande tilbod, som finansierast av fylkeskommunane.

Vidare skal søkarfylket oppfylle ei [kriterieliste](#) for kva søknaden skal omfatte. Mellom anna er det eit krav at alle fylkeskommunar må støtte søknaden for at Utdanningsdirektoratet skal kunne vurdere han. Søkarfylket må kunne dokumentere dette.

### Finansiering av nye landslinetilbod og utviding av eksisterande tilbod

Oppretting av nye landslinetilbod og utviding av eksisterande tilbod blir finansiert ved eit trekk i det samla rammetilskotet til fylkeskommunane, tilsvarande budsjetteffekten av oppretting av ei ny landsline eller utviding av ein eksisterande landsline. Budsjetteffekten blir berekna ved å multiplisere godkjent/utvida elevtal ved linja med satsen for driftstilskotet for linja.

Nivået på trekket blir berekna det året landslina blir oppretta etter utvida, og vidareført deretter som eit varig trekk utan justering for eventuelt endra elevtal innanfor godkjent elevtal.

Dersom vilkåra som blei lagt til grunn ved godkjenning av landslinetilbodet ikkje lenger er til stades, kan den statlege finansieringa bli redusert eller fråfalle.

Oppretting av nye, eller utviding av eksisterande landslinetilbod blir altså finansierte gjennom eit nedtrekk i fylkeskommunane sin samla ramme, tilsvarande kostnaden for utviding eller oppretting av tilbodet. Av den grunn legg fylkesrådmannen saka fram til fylkestinget for endeleg avgjerd.

### Vestland fylkeskommune si uttale om søknad om landsliner

Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark fylkeskommunar har starta ein prosess med å søke Utdanningsdirektoratet om oppretting eller utviding av landslinetilbod frå og med skuleåret 2022/23.

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram søknadane frå desse fylkeskommunane, og ei vurdering om Vestland fylkeskommune bør støtte desse søknadane.

### Søknad frå Trøndelag fylkeskommune

Trøndelag fylkeskommune søker om å opprette landslinetilbod innan vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.

Hovudutval for utdanning i Trøndelag fylkeskommune vedtok i 2019 å sette i gang ei utgreiing av flyfaglinje i Trøndelag. Det blei etablert ein utgreiingsorganisasjon med representantar frå Luftforsvarsstaben, 132 Luftving Ørland, politisk leiing, rektor og tilsette ved Fosen videregående skole i tillegg til fylkesadministrasjonen i Trøndelag.

Trøndelag fylkeskommune gjennomfører no eit utgreiingsarbeid med mål om å setje i gang eit flyfagtilbod frå hausten 2022. Utgreiinga skal vere klar 2. kvartal 2021.

Fylkesrådmannen har vurdert søknaden frå Trøndelag fylkeskommune i lys av kriteria for søknad om landsline. Fylkesrådmannen si vurdering er at søknaden vil støtte formålet med landsline - at ordninga skal bidra til å sikre elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare utdanningsprogram i vidaregåande opplæring.

Vidare vurderer fylkesrådmannen at Trøndelag fylkeskommune særleg har dokumentert regionalt og nasjonalt kompetansebehov som er grunnlag for oppretting av landslinetilbodet.

Vestland fylkeskommune har ikkje tilbod innan flyfag, og det har ikkje vore vurdert å søke om tilsvarande tilbod. Eit landslinetilbod i Trøndelag fylkeskommune vil ikkje ha noko påverknad på tilbodsstrukturen i Vestland fylkeskommune.

På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.

### **Søknad frå Nordland fylkeskommune**

Nordland fylkeskommune søker om å opprette landslinetilbod innan vg2 dronedefag frå hausten 2022 og vg3 dronedefag (lærefag) frå hausten 2023.

Nordland fylkeskommune viser til eit aukande kompetansebehov og at utdanningsprogram på vidaregåande nivå er naudsynt for å dekke dette behovet. Vidare viser fylkeskommunen til Andøya Space Education og samarbeid om relevant og naudsynt infrastruktur.

Eit av kriteria for oppretting av landslinetilbod er at tilbodet skal dekke regionalt eller nasjonalt kompetansebehov. I søknaden kjem det fram at Andøya vidaregåande skole har starta arbeidet med å få på plass læreplassar.

Fylkesrådmannen har vurdert søknaden frå Nordland fylkeskommune i lys av kriteria for søknad om landsline. Fylkesrådmannen si vurdering er at søknaden vil støtte formålet med landsline - at ordninga skal bidra til å sikre elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare utdanningsprogram i vidaregåande opplæring.

Vidare vurderer fylkesrådmannen at Nordland fylkeskommune tilstrekkeleg dokumenterer regionalt og nasjonalt kompetansebehov som er grunnlag for oppretting av landslinetilbodet.

Vestland fylkeskommune har ikkje tilbod innan dronedefag, og det har ikkje vore vurdert å søke om tilsvarande tilbod. Eit landslinetilbod i Nordland fylkeskommune vil ikkje ha noko påverknad på tilbodsstrukturen i Vestland fylkeskommune.

På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronedefag, vg3 dronedefag (lærefag).

### **Søknad frå Troms og Finnmark fylkeskommune**

Troms og Finnmark fylkeskommune søker om å utvide frå 12 til 24 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 avionikarfaget på landslina flyfag ved Bardufoss vidaregåande skole.

I søknaden frå Troms og Finnmark fylkeskommune kjem det fram at det er eit ønske å utvide elevtalet for å kome i møte det sterkt aukande behovet for flyteknisk kompetanse til Forsvaret og det sivile flymiljøet (Kongsberg-gruppen) i regionen og landet. Sopra Steria har i sin rapport, knytt til Trøndelag fylkeskommune sin søknad, også peika på lokal rekruttering som ein viktig faktor for å bygge opp kompetansen i regionen, inkl. også Bardufoss. Rapporten peiker på underskot på kvalifiserte søkarar til lærlingplassane i flyindustrien.

Troms og Finnmark fylkeskommune peiker vidare på at forsvaret og sivile aktørar er i gang med å bygge opp vedlikehaldskapasiteten i regionen. Bardufoss vgs har då ikkje kapasitet til å kvalifisere tilstrekkeleg tal lærlingar.

Fylkesrådmannen si vurdering er at søknaden vil støtte formålet med landsline - at ordninga skal bidra til å sikre elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, og at Troms og Finnmark fylkeskommune tilstrekkeleg dokumenterer regionalt og nasjonalt kompetansebehov som er grunnlag for oppretting av landslinetilbodet.

Vestland fylkeskommune har ikkje tilbod innan flyfag, og det har ikkje vore vurdert å søke om tilsvarande tilbod. Eit landslinetilbod i Troms og Finnmark fylkeskommune vil ikkje ha noko påverknad på tilbodsstrukturen i Vestland fylkeskommune.

På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet frå 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 avionikarfaget ved Bardufoss vgs.

#### Vedtakskompetanse

Oppretting av nye, eller utviding av eksisterande landslinetilbod blir finansierte gjennom eit nedtrekk i fylkeskommunane sin samla ramme, tilsvarande kostnaden for utviding eller oppretting av tilbodet. Av den grunn legg fylkesrådmannen saka fram til fylkestinget for endeleg avgjerd.

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Oppretting av nye landslinetilbod og utviding av eksisterande tilbod blir finansierte ved eit trekk i det samla rammetilskotet til fylkeskommunane, tilsvarande budsjetteffekten av oppretting av ei ny landsline eller utviding av ein eksisterande landsline. Budsjetteffekten blir berekna ved å multiplisere godkjent/utvida elevtal ved linja med satsen for driftstilskotet for linja.

For å vurdere kva moglege økonomiske effekt oppretting og utviding av landslinetilboda i tråd med fylka sine søknader kan ha, må ein multiplisere satsane for det enkelte landslinetilbod med tal elevplassar det er søkt om. For flyfag/avionikk/romteknologi er elevsatsen 145 400 kr. Romteknologi er ikkje nemnd i Utdanningsdirektoratet sine satsar, så fylkesrådmannen legg same sats til grunn her som for dei andre tilboda.

Fylka søker om totalt 111 nye/utvida elevplassar. Dette multiplisert med satsen på 145 400 kr. gir eit totalt nedtrekk fordelt på alle fylkeskommunane på 16 139 400 kr. Legg ein til grunn at Vestland fylkeskommune sin prosentdel ved fordeling etter innbyggartal, vil fylkeskommunen ta om lag 12 % av trekket i ramma. Det vil utgjere eit trekk på 1 936 728 kr i rammetilskotet.

##### **Klima:**

Ingen effekt

##### **Folkehelse:**

Ingen effekt.

##### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Vestland fylkeskommune tilbyr ikkje nokre av dei søkte landslinetilboda, og ei godkjenning av desse tilboda vil såleis ikkje påverke eigen tilbodsstruktur.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark fylkeskommunar sine søknadar om oppretting av nye og utviding av eksisterande landslinetilbod.